



**Buskerud
fylkeskommune**
Utviklingsavdelingen

Vår saksbehandler
Håvard Hoftun, tlf 32808730

Vår dato
10.02.2011

Deres dato
22.11.2010

Vår referanse
2008/291 - 114
340

Deres referanse
NVE 200806710-6
ki/lami

32

1 av 3

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

200806710-12
ki/lami

Eidsåa – Nore – Nore og Uvdal kommune – søknad om bygging av kraftverk – Eidsåa Kraft AS

Me syner til høyring angående søknad om konsesjon for Eidsåa Kraft AS gjeldande utbygging av Eidsåe kraftverk i Nore og Uvdal kommune.

Automatisk freda kulturminne

Utviklingsavdelinga i fylkeskommunen vil presisere at kulturminne og kulturmiljø vert tilstrekkeleg utreda i ei eventuell konsekvensvurdering. Slik saka ligg føre er tiltaket i potensiell konflikt med kulturminne ved Frygne gravfelt – Id 41504 i Askeladden, Riksantikvaren sin database for kulturminne. Gravfeltet er automatisk freda og inneheld til saman 33 kjente gravrøyser frå jernalderen. Lokaliteten har svært høg verneverdi. Eksisterande grusveg i området er gamal og kan ligge over gravrestar som er i direkte relasjon til resten av feltet. Føreslått kabeltrase er i strid med fredinga. Eit kvart tiltak i området vil krevje godkjenning frå Riksantikvaren gjennom å søke dispensasjon frå kulturminnelova. Slik fylkeskommunen ser denne saka no vil me ikkje tilrå dette. Me må undersøka nærare før me kan gje vår endelege uttale.

I nærområdet til Eidsåa er det og tidlegare kjente kolgroper – Id 122614. Kolgroper er restane etter den eldste forma for kolframstilling i landet og kan vanlegvis knytast opp mot jernvinneverksemd og gardssmier. Potensialet for å påvise fleire liknande kulturminne i området er stort.

Det vil bli stilt krav om arkeologiske registreringar i dei områda der det vil vera aktuelt med synlege fysiske inngrep i landskapet. Dette vil og gjelde for dei områda der planlagde massedeponi er tenkt og eventuelle mellombelse anleggsvegar. Desse undersøkingane må gjerast før fylkeskommunen kan gi ei endeleg uttale til planane. Me syner til Kulturminnelova sin §§ 8 og 9 om undersøkingsplikta ved planlegging av offentlege og større private tiltak, og § 10 om at utgifter til særskild gransking må dekkast av tiltakshavar. Det er på bakgrunn av dette viktig med tilstrekkelig kartgrunnlag for å kunne vurdere eventuelle tiltak samstundes som det og vil vera naturleg med eit møte for å diskutere eventuell framdrift.

Fylkeskommunen går ut frå at dersom det blir gitt konsesjon, skal det gjennomførast arkeologiske registreringar i høve til Kulturminnelova §9. Budsjett for registreringane kan setjast opp når planlagt tiltak er endeleg fastsett. Det beste er om ein er tidleg ute i høve til dette slik at tilhøvet til kulturminna ikkje stoppar planprosessen unødig opp.

Utviklingsavdelinga i fylkeskommunen ynskjer tilbakemelding på vidare saksgang når dette ligg føre.

Sakshandsamar, arkeolog: Håvard Hoftun; Tlf: 32 80 87 30; e-post: havard.hoftun@bfk.no

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

Postadresse
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Postboks 3563
N-3007 Drammen

Besøksadresse
Haugesgt. 89, 3019 Drammen
E-postadresse
Postmottak@bfk.no

Telefon
+ 47 32 80 85 00
Internett
www.bfk.no

Telefaks
+ 47 32 80 85 08

Bankkonto
2200.07.13523
Foretaksregisteret
NO 964 951 373

Vår dato
10.02.2011Vår referanse
2008/291 - 114**Nyare tids kulturminne**

I området er det fleire kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid.

I elva er det spor etter tre kvernbruk og ei sag. Det meste av verksemda har vore på sørsida av elva, der det er flatt. Dette er på eigedomen Eidsåen 174/11. Her vart det i 1790-åra bygt pukkverk og smelteverk for koparmalm, samt eit blåfargeverk. Smelteverket vart bygt for å ta imot koparmalm frå Groven-gruvene og Kittilsland-gruvene. Drifta vart nedlagd allereie før 1800. I første halvdel av 1800-talet budde det folk i Eidsåen, og rundt 1860 vart det bygt eit garveri på staden. Dette huset står framleis, saman med fleire andre eldre hus. Både garveriet, driftsbygningen og kraftverket (som er plassert vest for tunet) har fått høg verneverdi i kommunens kulturminneplan. Miljøet samla sett har òg høg verneverdi.

På nordsida av Eidsåe ligg småbruket Brubakken 175/4. Her er tre bygningar: våningshus, driftsbygning og sag. Våningshuset skal vera flytta frå Nore prestegard i 1790-åra, og bruka som forvaltarbolig til smelteverket ved Eidsåe. Plassen her vart då kalla Øvre Åe. Namnet Brubakken kom då den vart sjøelveigarbruk i 1835. Driftsbygningen og saga er bygde rundt 1900. I kommunens kulturminneplan har driftsbygningen og saga fått høg verneverdi, våningshuset middels verneverdi, og tunet samla høg verneverdi.

Opplysningane her kjem mellom anna frå bygdeboka for Nore.

Me ber om at det vert teke omsyn til desse kulturminna og kulturmiljøa i vidare planlegging.

Sakshandsamar nyare tids kulturminne: kulturvernkonsulent Jørn Jensen, tlf: 32 80 86 69; e-post jorn.jensen@bfk.no

Vassmiljøet i Eidsåa

Eidsåa inngår i vassområde Numedalslågen og er omfatta av *Forvaltningsplan for vannregion Vest-Viken 2010-2015*. Forvaltningsplanen skal vera eit reiskap for berekraftig vassforvaltning og gir føringar for arealbruk/ tiltak som rører ved vassmiljøet. Miljøtilstanden i Eidsåa er klassifisert til moderat økologisk tilstand. Eidsåa er ikkje ein modifisert vassførekomst.


Buskerud fylkeskommune, som vassregionmynde for vassregion Vest-Viken, ber NVE om at forvaltningsplanen og føringar frå vassforskrifta blir lagt til grunn ved vurdering av søknaden/ tiltaket. I dette ligg det ei klar forventning til at den økologiske og kjemiske tilstand i Eidsåa av i dag ikkje blir dårlegare ved tiltaket.

Det blir gått ut frå at det omsøkte tiltaket og blir vurdert i høve til vassforskrifta sin § 12 om ny aktivitet og nye inngrep. Vassregionmynde forventar å bli underretta dersom det etter NVE si sakshandsaming er aktuelt å vika frå føresetnadane i forvaltningsplanen, slik dette kjem fram av foredraget til kongelig resolusjon for forvaltningsplanen av 11. juni 2010.

Vassregionmynde kan ikkje sjå at søknaden frå Eidsåa Kraft AS vurderer om tiltaket er i samsvar med eller i konflikt med forvaltningsplanen og krav gitt i vassforskrifta. Vassregionmynde vil oppmoda NVE om å innarbeide desse tilhøva i vegleiarane for utbygging av småkraftverk.

Sakshandsamar: rådgjevar Hilde Reine, tlf: 32 80 86 61, e-post hilde.reine@bfk.no

Med helsing


Kjersti Bærug Hulbakk e f
utviklingssjef


Håvard Hoftun
arkeolog

Vår dato
10.02.2011

Vår referanse
2008/291 - 114

Kopi til:

Nore og Uvdal kommune

Fylkesmannen i Buskerud

Eidsåa Kraft AS v/Jan-Egil Østlid

Postboks 1604

3630

3007

3629

Rødberg

Drammen

NORE